


# Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

Og



## Villreinutvalet for Nordfjella

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref.: 201005907-14  
kv/jfj

Dykkar dato: 06.09.2016

Vår ref.: 23.2-N/16swb

Vår dato: 18.11.2016

### Høyringsuttale, vilkårsrevisjon for reguleringen av Holsvassdraget

Me syner til invitasjon til å gje høyringsuttale til revisjon av Holsvassdraget, datert 06.09.2016, og takkar for høvet. Invitasjonen inneheldt lenke til revisjonsdokument utarbeidd av regulanten, E-CO energi AS, med vedlegg.

Inkludert i revisjonsobjektet der vilkåra i konsesjonane no skal reviderast, finst to store magasin som ligg i austlege delar av Nordfjella villreinområde; Standavatnet og Stolsvassmagasinet. Utbygginga av Holsvassdraget har hatt store negative konsekvensar for villreines moglegheit til å nytte austlege delar av villreinområdet. Dei to magasinane skjær av fleire trekkruter som tidlegare batt austsida av villreinområdet saman. I tillegg finst ytterlegare to store naturinngrep som reduserer tilkomst til austlege beiteområde; Flævassmagasinet i Hemsilvassdraget, og Fv 50 Aurland-Hol. Vedlagt ligg kartutsnitt som illustrerer kjende, neddemte trekkruter over dei aktuelle magasinane. Eit anna kartutsnitt syner korleis villreinen har redusert tilkomst til areala som ligg mellom dei tre kraftmagasinane i aust på grunn av neddemte trekk. Me legg og ved eit oversiktskart over magasinane i heile villreinområdet.

Av fleire årsakar var konsekvensane for villrein ikkje vurdert då konsesjonar for Holsutbygginga vart gjevne. Vilkårsrevisjonar har som eit delmål å sjå på konsekvensar og mogleg avbøting av skade innanfor tema som ikkje vart vurdert på konsesjonstidspunktet (dvs. skade som ein ikkje hadde anteke at kunne oppstå, jfr. Ot.prp. nr. 50 (1991-1992)).

Problemstillingar knytt til villrein er ikkje diskutert i revisjonsdokumentet i det heile. Kravdokumentet innsend av kommunane Hol og Ål i 1998 omhandlar ikkje naturmangfald utover fisk og ferskvassorganismar, dermed var heller ikkje villrein tema her. Naturmangfald er likevel skildra i revisjonsdokumentet som ein del av samfunnsverdiane i det berørte området. Då vert det og nemnd at influensområdet ligg innanfor leve- og trekkområder til villrein. Utan vidare diskusjonar vert det konkludert med at utbygginga ikkje har gjeve nokon uventa skade på nokre av desse verdiane. Spørsmålet om ein har skader og ulemper av miljømessig karakter som ikkje vart vurdert på konsesjonstidspunktet, er ikkje kommentert. Konklusjonen om at utbygginga ikkje har hatt negative konsekvensar for villrein vitnar om manglande kunnskap hjå utgreiar.

Kraftutbygging er mellom dei største arealinngrepa ein har i norske villreinområde. Tema villrein har fått ein eigen omtale i NVE rapport 49/2013, der ein anerkjenner Noreg sitt ansvar for arten og at kraftutbygging har hatt negative effektar på villreinstammene m.a. med avskjering av trekkveggar (Sørensen et.al. 2013). Norges Forskningsråd anerkjenner også problematikken gjennom å være hovudfinansør av forskingsprosjektet Renewable Reindeer; eit internasjonalt forskingsprosjekt under leiing av Norsk institutt for naturforskning (NINA). Prosjektet som starta opp i 2015, har m.a. fokus på å finne gode avbøtande tiltak av effektane frå kraftutbygging i Norske villreinområde. Nordfjella er eit av eksempelområda i forskingsprosjektet.

Nordfjella villreinområde har ei rekke store magasin med tilhøyrande anleggsvegar som har endra villreinen sin moglegheit til å utnytte beiteressursane i vesentleg grad. Vedlagt finn de ein artikkel frå villreinen i 2014 som oppsummerer kraftutbygginga i Nordfjella (Bøthun og Strand 2014).

Utfordringane knytt til kraftutbygginga i dei aktuelle områda er haldne fram av villreinnemnda ved fleire tidlegare høve, sist i høyringsinnspel til NVE om konsesjonssøknad for Hol 1, Stolsvatn kraftverk i 2014 (ref. 28-N/14pak, vedlagt). I samband med nemnde høyring ga villreinnemnda og innspel om at konsesjonen burde handsamast parallelt med revisjonssaken for Holsvassdraget, noko som og vart understreka i ein tilleggsmerknad (ref. 28-N/14pak/swb, vedlagt). Me var då orienterte om at revisjonssaken nærma seg høyring. I vår høyringsuttale til revisjon av Hemsilvassdraget i 2013 peikte nemnda på samanhengane mellom negativ påverknad frå dei ulike kraftutbyggingane i villreinområdet, der med særleg vekt på dei tre magasinane i aust (ref. 5-N/13swb, datert 14.05.2013, Vedlagt). Uttalen oppmoda om eit heilskapsperspektiv i handsaminga av revisjonar innanfor villreinområdet.

**Villrein er ein miljøverdi av nasjonal og internasjonal betydning som har lidd skade av utbygginga av Holsvassdraget. Villreinnemnda og villreinutvalet vil understreke at målet med vilkårsrevisjonar ikkje vert nådd dersom ein ikkje vurderer avbøtande tiltak i høve til villrein i handsaminga av nye vilkår.**

Me vil be om at det vert gjort ei tilleggsutgreiing før revisjonen vert slutthandsama. Når utbygginga sin konsekvens for villrein skal utgreiast, og moglege avbøtande tiltak skal vurderast, vil me be om at dette vert sett i samheng med dei andre kraftutbyggingane i villreinområdet. Naturmangfaldlova sitt krav til økosystemperspektiv (Naturmangfaldlova, § 10) vert ikkje stetta dersom ein ser på kvart vassdrag aleine. Utbygginga har påverka heile leveområdet til ei dyrestamme med nomadisk livsførsel, som er avhengig av samanhengane i villreinområdet. I lys av den store graden av samverkande effekt frå kraftutbygging bør ressursane til avbøtande tiltak samlast, og konsentrerast om prioriterte tiltak med effekt for flokkane sin beitetilgang og for områdebruken for heile villreinstamma.

Med helsing Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Nordfjella villreinutval

Lars Nesse  
Leiar villreinnemnda

Siri Wølneberg Bøthun  
sekretær villreinnemnda

Sigmund Tveitehagen  
Leiar villreinutvalet

Harald Skjerdal  
sekretær villreinutvalet

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

#### **5 vedlegg:**

- 1: Kart som illustrerer kraftmagasin og neddemming av trekkruiter, henta frå foredrag i Nordfjellarrådet 16. august 2016 v. Bøthun, villreinnemnda
- 2: Artikkel frå Villreinen 2014 om kraftutbygging i Nordfjella villreinområde (Bøthun og Strand 2014)
- 3: Høyringsuttale til konsesjonssøknad for Hol1 Stolsvatn (ref. 28-N/14pak)
- 4: Tilleggsmerknad til høyringsuttale til konsesjonssøknad for Hol1 Stolsvatn (ref. 28-N/14pak/swb)
- 5: Høyringsuttale til revisjon av Hemsilvassdraget (ref. 5-N/13swb)

#### Kopi til:

Fylkesmannen i Buskerud, Postboks 1604, 3007 Drammen  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Nøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim  
Villreinrådet, v. Øystein Landsgård, 3630 RØDBERG

VEDLEGG 1  
 ILLUSTRASJONSKART; KRAFT OG NEDDEMTE TREKKRUTER

